



«Mottakernavn»
«Adresse»
«Postnr» «Poststed»
«Kontakt»

Saksbehandlar, innvalstelefon

Magnus Johan Steinsvåg, 5557 2325

Høyring av frivillig skogvern for Bråvollslie og Husedalen naturreservat i Ullensvang

Som ein del av arbeidet med å ta vare på naturmangfaldet i Vestland sender vi ut framlegg til frivillig skogvern av Bråvollslie og Husedalen i Ullensvang kommune. Du er velkommen til å sende innspel i høyringa innan 15. september 2026.

Verneframlegget er gjort i dialog med grunneigarane, og Framtre (tidlegare AT Skog) og Norskog. Føremålet med dette brevet er å informere om prosessen etter naturmangfaldlova, og for å innleie til medverknad og innspel frå aktuelle partar.

Det tilbode område for frivillig skogvern omfattar eigedomane gnr/bnr: 238/2, 239/1, 239/2, 239/3, 239/4, 239/5, 239/6 og 239/219. Totalt er området på 4 305 dekar, derav 3 878 dekar skog og 2 390 dekar produktiv skog.

Området er i Kinsarvik på austsida av elva Kinso og vil grense til Hardangervidda nasjonalpark. Vernet vil omfatte skog i Bråvollslie, Åsmarki og Kinnalieve. Med vern at dette svært viktige skogområdet, vil det vere samanhengande verna natur nesten heilt frå sjøkanten ved Hardangerfjorden til Hårteigen på Hardangervidda.

Plan - og inngrepsstatus

I gjeldande kommuneplan (av 16.12.2011) har området føremålet landbruk, natur- og friluftsføremål (LNFR). Store delar av området har omsynssyne «bevaring naturmiljø» i tillegg til ras- og skredfare. I eit mindre parti langs begge delar av elva Vivippo har arealføremål «spreidd næringsbebyggelse». Slik vi forstår det er dette knytt til eksisterande småkraftverket Kinnalieve Kraft AS. Naturprega og skogkledde delar av Ullensvang skytebane med arealføremål idrettsanlegg, er også innafor dette tilbodsområdet for vern. Det er ingen kraftlinjemaster eller andre større tekniske inngrep innafor verneframlegget.

Verneverdiar i og rundt naturreservatet

Området omfattar ein av dei best utvikla og truleg eldste furuskogane i Hardangerregionen. Store delar av skogen har urskogpreg og har lang kontinuitet. Det vart i 1986 målt alder (trebor) på fleire furutre som i dag vil vere mellom 380 og 470 år (Moe 2001). Sjeldne, trua og kravfulle artar knytt til naturskog er registrert. I tillegg til gamal naturskog, er det også innslag av kalk - og lågurtfuruskog, rik edellauvskog og



eldre skogbrannfelt.

Furuskogen representerer ein høgdegradient frå lågland til fjell, der naturreservatet vil få direkte kontakt med Hardangervidda nasjonalpark i søraust. Området har blitt kartlagt og vurdert som svært verneverdig i fleire omgangar, blant anna ved barskogverneplanen i 2001, og sist i 2022 som ein del av dette frivillig skogvernarbeidet. Gjennom naturtypekartlegginga (dn13 kartleggingsmetode) i 2010, vart det kartfesta tre større naturtypelokalitetar av gamal furuskog og vekta til nasjonal verdi. To naturtypelokalitetar av haustingsskog med edellauvtre er også innafør verneframlegget ved Svarthammar og er høvesvis vekta til nasjonal og regional verdi.

Området er som heilskap dominert av gammal furuskog, men har stor variasjon i eksposisjon og småskalatopografi, og har dermed òg svært variert vegetasjon. I hovudsak er det snakk om ein gammal, kompakt og virkesrik furuskog, med bra innslag av boreale lauvtre som bjørk, osp og dels rogn. I tillegg veks alm, gråor, hassel, eik, hegg, alm, lind og selje. I høgareliggende område er skogen urskogs nær og har lang kontinuitet. Det vart i 1986 målt alder (trebor) på furu som i dag vil vere 470 år (Moe 2001). Osp er også til stades som eigne, gamle suksesjonar. Både blåbærskog og røsslyngskog er representert, men viktigare for naturmangfaldet er nokså store område med småbregneskog og mindre parti med lågurtskog, ofte med spreidde høgstaudar. Denne naturtypen, lågurt- kalkfuruskog er nasjonalt raudlista. På meir skrinne og tørre parti, finn ein lavfuruskog som er ein austleg skogtype.

Den gamle furuskogen innafør området vert vurdert til å ha viktig funksjon for vedbuande sopp og insekt. Liggande, død lauvved er utbreidd, dels i grove dimensjonar, og av furu er det meir spreidde førekomstar av gadd, læger og høgstubbar. I eit om lag 100 dekar stort område mellom Branden og Orreleikane, er det yngre skog etter ein skogbrann på 1960-talet.

Det er særleg gunstig at lågareliggende produktiv furuskog langs elva Vivippo er inkludert i verneframlegget. I tillegg vil verneframlegget sikra ein fin gradient av svært viktig skog frå lågland på 60 moh. til fjellprega skog opp mot 600 moh.

Vernet vil dekke manglar i skogvernet

Vern av området vil bidra til å dekke manglar i skogvernet innan kalk - og lågurtfuruskog, rik edellauvskog, lågurtedellauvskog og gamal urskogs nær furuskog. Verneframlegget er innafør sørboreal og mellomboreal vegetasjonssone.

Kva betyr det at eit område vert verna?

For å ta vare på store og sårbare naturkvalitetar i eit område er det nødvendig med ei verneform som sikrar mot inngrep. Det er difor ønskjeleg å verne om områda som naturreservat etter naturmangfaldlova § 37. Ei slik verneform vil i utgangspunktet forby aktivitetar og nye anlegg som kan skade verneverdiane i naturreservatet. Vernet vil òg føre til visse restriksjonar på bruk av området, både når det gjeld hogst og andre inngrep.

Kinnalii Kraft AS fekk i 1995 konsesjon til småkraftverk i elva Vivippo. Både inntak og sjølve kraftverket ligg utafor verneframlegget. Vernet vil såleis ikkje få følgjer for vedteken drift av småkraftverket. Ved Husemoen er det skytebane. Dette anlegget, inkludert nedslagsfeltet til skytebanen ligg utanfor verneforslaget, og vil ikkje bli påverka av vernet. Delar av omkringliggende areal er inkludert i reguleringsplan som skytebane. Dette arealet er naturprega, og er tilbydt verna frå skogeigar og er inkludert i dette verneframlegget. Så vidt vi kjenner til, fungerer dette arealet mest som buffersone til skytebanen. Slik vi vurderer det, vil det å la området stå urørt, og inkludere arealet i verneområdet, vere naturleg. Vi ønskjer gjerne innspel frå Ullensvang kommune på dette.

Etter vernevedtak for Husedalen naturreservat, vil grunneigar framleis ha rett til jakt, fangst og fiske, og ålmenta vil framleis kunne plukke matsopp og bær. Den mykje brukte turstien frå Kinsarvik til Stavali inne



i Hardangervidda nasjonalpark vil ligge nedafor verneområdet. Turstiar som går gjennom verneområdet vil kunne haldast ved like, det vil også gjelde skogsveg som går inn i verneområdet. For meir detaljar viser til forslag til verneforskrifta.

Innspel til verneprosessen

Vi meldte offisiell start av vernearbeidet 6. mars 12. april og det har kome inn 6 innspel frå offentlege instansar og to innspel frå ein private.

Norges vassdrags- og energidirektorat (NVE) har i sin uttale påpeika at vernegrensa går om lag 9-10 meter frå ei 22 kV nettlina som Indre Hordaland Kraftnett AS eig. NVE ber Stasforvaltaren i samråd med Indre Hordaland Kraft Nett AS om å vurdere behov for standardbestemmelsar for energi- og kraftanlegg i verneforskrifta. Vidare ber NVE om at Statsforvaltaren opprettar teitt dialog med Kinnali Kraft AS for å sikre at vernet ikkje hindrar drift, vedlikehald og oppgradering av vasskraftverket. NVE ber Kinnali Kraft AS om å uttale seg om behovet knytt til vasskraftreguleringa i verneområdet.

Kommentar frå Statsforvaltaren:

Vi har vore i dialog med Indre Hordaland Kraftnett AS og dei har uttrykt behov for å ha opning i verneforskrifta slik at ein kan felle tre for å redusere risiko for vindfall på kraftlinja. Etter dialog med Miljødirektoratet har vi no grensa ut om lag 3,2 dekar av arealet direkte ovanfor kraftlinja. No er næraste punkt til vernegrensa om lag 28 meter, og ut frå topografien i området ser det ikkje ut til å vere risiko for vindfall.

Kinnali Kraftverk AS har fått oppstartsmeldinga, men har ikkje kome med merknader til oppstarten. Både inntakspunkt, røyrgate og kraftverk ligg utafor verneframlegget.

Gryting grunneigarlag skriv at dei har vegrett gjennom eit av områda som inngår i skogvernet. Dei ønskjer at vegretten og alle tilhøyrande rettar til vegretten skal bestå. Dette har dei konkretisert mellom anna gjennom følgjande punkt:

Gryting må ha rett til å endre trasè for buførevegen dersom naturskade eller behov gjør det Nødvendig. At ein må ha rett til å vedlikehalde/oppgradere sti, murar og trapper etter behov. Gryting må ha rett til å flytta bru over Tverrelva dersom naturskade gjør det nødvendig (brua har historisk vore flytta fleire gongar pga naturskade ved flaum og skred). Og at ei må ha rett til å kappe og fjerna evt vindfall som hindrar fri passasje langs buførevegen.

Kommentar frå Statsforvaltaren:

Vi meiner at Gryting grunneigarlag sine behov er ivareteke i forslag til verneforskrift. I § 4 d er det generelle unntak frå vernereglane som seier at «*vernet ikkje er til hinder for vedlikehald av eksisterande vegar, stiar og andre anlegg og innretningar i samsvar med standard på vernetidspunktet*». Vidare har vi lagt til § 4 i, som seier at vernet ikkje er til hinder for «*nødvendig kapping og rydding av vindfall over traktorveg/sti til stølen Gryting*». Dersom flaum eller annan naturskade gjer det nødvendig å flytte brua eller endre trase for buførevegen, har vi lagt inn det som ein moglegheit gjennom § 7 h. Ei slik flytting vil vere søknadspliktig slik at vi kan ha ein dialog om kor og korleis ei flytting/ending kan gjennomførast.

Landbruksdirektoratet har kome med generelle innspel der dei ber om at det vert omtalt korleis området vert nytta til landbruksføremål. Og dersom det finst landbruksinteresser i området som ikkje vert ivareteke i utkast til verneforskrift, så bør dette grunnjevast. Det gjeld skogsveggar for tilgang til «*bakanforliggende/tilgrensande areal*», landbruksveg, støl/seterområde, beite og beiterettar. I tillegg ber Landbruksdirektoratet om at skjema for avveging av betydinga området har for vern og for skogbruksnæringa.



Kommentar frå Statsforvaltaren:

Arealet innafor verneframlegget er i liten grad nytta som utmarksbeite, men som kommentert på innspelet til Gryting grunneigarlag, er det ein viktig «buføreveg» som går gjennom området til stølen Gryting. Bruk av den og i tillegg nødvending oppgradering er ivareteke i framlegg til verneforskrift. Vi legg til at skjema for avveging av skogvern og skognæring er lagt ved denne høyringa.

Vestland fylkeskommune har vurdert verneframlegget som regional kulturmiljøstyresmakt. Dei har per i dag ikkje opplysningar om automatisk freda kulturminne eller andre kulturminne med høg verneverdi innafor det føreslåtte verneområdet. Eventuelle inngrep eller aktivitet som kan skade automatisk freda kulturminne, eller medføre fare for at dette kan skje, skal leggast fram for Vestland fylkeskommune for vurdering etter kulturminnelova.

Kommentar frå Statsforvaltaren:

Vi tek innspela frå Vestland Fylkeskommune til orientering.

Språkrådet skriv at det er vanskeleg å få ei fullgod dekning av gards- og stadnamn for avgrensing av verneframlegget, men rår til at verneområdet bør få namnet «Bråvollslia og Husedalen naturreservat».

Kommentar frå Statsforvaltaren:

Vi er samde med innspela til Språkrådet og har justert namnet som føreslått for naturreservatet.

Statnett SF skriv at området ikkje rårkar deira anlegg eller planar. Statnett har derfor ingen innvendingar til oppretting av naturreservatet.

Kommentar frå Statsforvaltaren:

Vi tek innspelet frå Statnett SF til orientering.

Birdlife Norge, Hardanger lokallag skriv at dei støttar verneframlegget. Dei poengterer at kvitryggspett er registrert både i Kinnalia og Bråvollslia. Og at den naturprega skogen her, er særleg viktig for slike kravfulle spettefuglar.

Kommentar frå Statsforvaltaren:

Vi takkar for innspelet og er samd i at desse naturkvalitetane gjer området særleg viktig i vernesamanheng.

Karsten Kalhagen har som privatperson kome med innspel om at vi i oppstartsmeldinga har omtala at Dronningstien vil gå nedafor forslag til reservatgrense i Husedalen. Det er ikkje korrekt, då Dronningstien går frå Røte/Heng til Lofthus og såleis ikkje i nærleiken av verneframlegget. Stien nedafor naturreservatet går mellom Kinsarvik og Stavali.

Kommentar frå Statsforvaltaren:

Vi takkar for innspelet og har korrigert denne omtalen i høyringsdokumentet.

Lokalt forvaltingsansvar?

Ved oppretting av nye naturreservat er det rutine å høyre om kommunane ønskjer lokalt ansvar for forvaltning av naturreservata. Eit slikt ansvar vil i så fall også gjelde alle naturreservat i kommunen. Kravet



er at kommunen har tilstrekkelege ressursar og kompetanse til å utføre ei slik oppgåve. Vi ønskjer attendemelding frå Ullensvang kommune om dette i høyringa.

Innspel og vidare framdrift

Det er ønskjeleg med innspel på verneforslaget slik at prosessen og tema kan verta så opplyst som mogleg. Etter at innspel på denne høyringa føreligg, vil vi vurdere innspela og ta endeleg stilling i vår tilråding av vern til Miljødirektoratet.

Meir informasjon om naturkvalitetane, kartavgrensing og bilete frå områda finn du på nettstaden vår <http://www.statsforvaltaren.no/vestland> under sida «Høyringar».

Du kan også sende innspel med brev til Statsforvaltaren ved miljøavdelinga, Njøsavegen 2, 6863 Leikanger, eller per e-post til sfvlpost@statsforvalteren.no. Vi har også ei eiga temaside om frivillig skogvern med generell informasjon om ordninga.

Frist for å kome med innspel er 15. september

I adresselista har vi forsøkt å få med alle dei aktuelle høyringspartane vi veit om. Dersom de finn feil eller veit om fleire partar som de meiner burde ha fått brevet ber vi om tilbakemelding om dette.

Med helsing

Aslaug Aalen
miljødirektør

Eline Orheim
seksjonsleiar

Dokumentet er elektronisk godkjent

Vedlegg:

- | | |
|---|----------------|
| 1 | Verneforskrift |
| 2 | Vernekart |

Kopi til:

MILJØDIREKTORATET
NORSKOG
FRAMTRE ENTREPRENØR AS

Postboks 5672 Torgarden
Postboks 123 Lilleaker
c/o AT Skog SA Postboks 73

7485	TRONDHEIM
0216	OSLO
3901	PORSGRUNN

**Mottakarliste:**

Kommunal- og moderniseringsdepartementet	Postboks 8112 Dep	0032	OSLO
Norges vassdrags- og energidirektorat - NVE	Postboks 5091 Majorstua	0301	OSLO
Landbruksdirektoratet	Postboks 56	7701	STEINKJER
Vest politidistrikt	Postboks 85	6901	FLORØ
Direktoratet for mineralforvaltning med Bergmesteren for Svalbard	Postboks 3021 Lade	7441	TRONDHEIM
Vestland fylkeskommune	Postboks 7900	5020	BERGEN
Luftfartstilsynet	Postboks 243	8001	BODØ
Forsvarsbygg	Postboks 405 Sentrum	0103	OSLO
Avinor	Postboks 150	2061	GARDERMOEN
Kystverket	Postboks 1502	6025	ÅLESUND
NTNU	Postboks 8905	7491	TRONDHEIM
Høgskulen på Vestlandet	Postboks 7030	5020	BERGEN
Norsk institutt for bioøkonomi	Postboks 115	1431	ÅS
Forum for Natur og Friluftsliv i Hordaland v/ Bergen Turlag	Tverrgt. 4/6	5017	BERGEN
Det norske skogselskap			
Den Norske Turistforening	Youngstorget 1	0181	OSLO
Fortidsminneforeningen	Dronningens gate 11	0152	OSLO
Friluftslivets Fellesorganisasjon	Nedre Slottsgate 25	0157	OSLO
Friluftsrådernes Landsforbund	Gamle Drammensvei 203	1337	SANDVIKA
Norsk institutt for naturforskning	Postboks 5685 Torgarden	7485	TRONDHEIM
KS - Kommunesektorens organisasjon	Postboks 1378 Vika	0114	OSLO
Natur og ungdom	Postboks 4783 Sofienberg	0506	OSLO
NHO Reiseliv	Postboks 5465 Majorstuen	0305	OSLO
Norges Bondelag	Postboks 9354 Grønland	0135	OSLO
Norges Jeger- og Fiskerforbund	Postboks 94	1378	NESBRU
Norges Geologiske Undersøkelse	Postboks 6315 Torgarden	7491	TRONDHEIM
Norges Handikapforbund	Postboks 9217 Grønland	0134	OSLO
Norges Miljøvernforbund	Postboks 539	5806	BERGEN
Norges Naturvernforbund	Miljøhuset, Marieboesgate 8	0183	OSLO
Norges Orienteringsforbund	Postboks 5000	0840	OSLO
Norges Skogeierforbund	Postboks 1438 Vika	0115	OSLO
Norsk Biologforening	Postboks 1066 Blindern	0316	OSLO
Norsk Bergindustri	Postboks 7072 Majorstuen	0306	OSLO
Norsk Bonde- og Småbrukarlag	Akersgata 41	0158	OSLO
Norsk Botanisk Forening	c/o Naturhistorisk museum, Postboks 1172 Blindern	0318	OSLO
Norsk Industri	Postboks 7072 Majorstuen	0306	OSLO
Norsk Organisasjon for Terrensykling NOTS	Postboks 7079 St. Olavs plass	0130	OSLO
Norsk Ornitologisk Forening	Sandgata 30 B	7012	TRONDHEIM
Norsk Sau og Geit	Postboks 104	1431	ÅS
Norskog	Postboks 123 Lilleaker	0216	OSLO
Norsk Zoologisk Forening	Boks 102 Blindern	0314	OSLO
Sabima	Mariboegate 8	0183	OSLO
Statens Kartverk	Postboks 600 Sentrum	3507	HØNEFOSS
Statkraft SF	Postboks 200 Lilleaker	0216	OSLO
Statnett SF	Postboks 4904 Nydalen	0423	OSLO
Technogarden	Vestfjordgaten 4	1338	SANDVIKA
Universitetet i Bergen	Postboks 7800	5020	BERGEN
Universitetet i Tromsø - Norges arktiske universitet	Postboks 6050 Langnes	9037	TROMSØ



WWF Verdens naturfond	postboks 6784 St. Olavs Plass	0130	OSLO
Naturhistorisk museum	Postboks 1172 Blindern	0318	OSLO
Norges Miljø- og Biovitenskapelige Universitet	Postboks 5003	1432	ÅS
Vegdirektoratet	Boks 8142 Dep.	0033	OSLO
Stadnamntenesta på Vestlandet	Postboks 7805	5020	BERGEN
Norges Jeger- og Fiskerforbund avd Sogn og Fjordane	Dørndalsveien 114	7100	RISSA
ULLENSVANG KOMMUNE	Opheimsgata 31	5750	ODDA
KINNALI KRAFT AS	Huse	5780	KINSARVIK
INDRE HORDALAND KRAFTNETT AS	Postboks 33	5782	KINSARVIK